

Brit Margrethe Dale på Stord har no klaga på fylkesmannens avslag på søknaden om oppføring av treplattung og utleggjing av flytekai i samband med hyttebyggjing på Skorpo.

Ho peikar mellom anna på at det grønne beltet langs fjorden ikkje er samanhengande. Det ligg eit gardsbruk med privathus og to naust like ved sida av. Det er også regulert inn to tomter like ved sida av, der den eine har grense 2 meter frå sjøkart. Omsøkte hytte vil i si tomt liggja kun få meter frå sjøkart og med tomtegrense i sjø. Dale meiner at når området er regulert slik det er, så er ikkje dette med privatisering noko argument.

Ho held fram at det ikkje er anna mogelegheit enn å bruka privat båt for å komma seg til øya og til planlagt hytte. Det er laga båtlending/kai/naust til alle hyttetomter i området. Det er naudsynt for å kunne koma til hyttene og kunne bruka dei.

Eit alternativ kan vera å sprenga ut tomta og fylla stein framfor hytta, men dette vil øydeleggja det samanhengjande grønne beltet mykje meir enn ein treplattung som er tenkt bygd i nivå for ikkje å ruva for mykje i terrenget.

Av Ola Matti Mathisen